



Etne kommune,  
Sjoarvegen 2,  
5590 ETNE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## ETNE KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Etne kommunestyre har i møte 12.12.2019, sak 095/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse.*

### Budsjett 2020

Netto driftsresultat utgjorde - 0,1 prosent av brutto driftsinntektene for 2019. Det budsjetterte talet for 2020 utgjør 0,4 prosent. Det tilrådde minstenivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) er 1,75 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har vedteke bruk av lån med kr 8,7 mill. til finansiering av investeringane i 2020. Totale investeringar utgjør om lag kr 10,1 mill.

### Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser positive netto driftsresultat i heile planperioden. Resultata ligg noko under det tilrådde nivået frå TBU. Overskota er planlagt sett av til fond og investeringar.

Samla investeringar i perioden 2021-2023 utgjør om lag kr 17,7 mill., der om lag kr 16,5 mill. er planlagt finansiert med bruk av lån. Dei største investeringane er opprusting av kommunale bygg og innan VA-området.

Kommunen hadde ei langsiktig lånegjeld ved utgangen av 2019 som utgjorde 81,5 prosent av driftsinntektene. Kommunen hadde ved utgangen av 2019 disposisjonsfond med om lag kr 58,6 mill., eller 14,9 prosent av driftsinntektene.

## Fylkesmannen sin kommentar



*Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Vi har ikkje prioritert å gi nærare vurderingar av kommunen sin økonomi.*

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*